

Kvinnherad Kommune

10.01.2018

v/ordførar Peder Sjo Slettebø

5470 Rosendal

## Tannhelsekontor i indre luten av Kvinnherad

Ut frå den informasjon som er gitt skal lokalisering av tannhelsetilbodet i Indre luten av Kvinnherad opp til ny behandling nå i januar 2018.

Vi går ut frå at våre argument frå 2015 (sjå vedlegg), vert vurdert like positivt i 2018 som i 2015.

Eit moment som kjem inn med større tyngde er at frå januar 2018 får vi ei sentralisering av institusjonsplassar i Rosendal-området.

Eit positivt vedtak med klinikk i Rosendal vil gi eit sterkt signal til gamle og unge om at våre politikarar tek omsyn til fortid og framtid. Det vil og vera eit signal om at ein held seg til Kommuneplanen med mål om balansert utvikling i kommunen.

Vi vonar at vår uttale kjem med i saksdokumenta til møtet i januar 2018.

Rosendal Helselag

Anne Lise Bringedal

Leiar

Kopi til: Medlemmane i formannskapet

Fylkestingsgruppa frå Kvinnherad

Vedlegg: Brev til ordførar dagsett 30.10.2015

Kvinnherad Kommune  
v/ Ordførar Peder Sjo Slettebø  
5470 Rosendal

Rosendal 30.10.2015

### **Tannhelsetenesta i indre luten av Kvinnherad**

Det er med stor uro vi Rosendal Helselag ser på dei konsekvensane som nedlegging av tannhelsetilbodet i Rosendalsområdet vil føra til, spesielt for unge og gamle .

Etter det vi kjenner til vil noverande tannlegekontor i Rosendal bli stengt frå førstkomande årsskifte. Dette vil føra til at born/unge, eldre på institusjon/ og under tilsyn av heimetenesta, vil få ein problematisk tilgang til ein lovheimla rett. Vi hadde håpa på at det ville bli gitt eit tannhelsetilbod på den nye sjukeheimen i Rosendal, men etter de vi forstår er dette problematisk. Vi vil be om at dette blir vurdert på ny, men skulle ikkje dette vera praktisk mogleg å få til, så må noverande tannlækjarkontor i Rosendal bli oppretthalde.

Den generelle helsetilstanden varierer for alle i samfunnet. Mat og helse henge nøyne saman. For dei eldre blir det sers viktig å sjå til at tannhelsa er god slik at den generelle helsesituasjonen blir så bra som mogleg. I alle samanheng må ein ta omsyn til økonomi og då kan dette lett føra til at ein tur til Husnes m/følgje blir så dyr at den må nedprioriterast. Har vi kontoret i noverande lokale vil det både økonomisk og tidsmessig vera å føretrekka. Ordninga vil også føra til ei mindre belastning for dei gamle og at skuleborna får tenesta i gangavstand.

Vi vil på det sterkeste be Kvinnherad kommune ta saka opp med Hordaland fylkeskommune og be om å få behalda noverande ordning med lokale i Rosendal. For seinare å flytta tenesta til den nye helseheimen i Rosendal.

Dette er ei hastesak og med den bakgrunn ber vi om snarleg handsaming.

Rosendal Helselag  
Berit Marken  
leiar

Kopi til: Medlemmane i formannskapet  
Fylkestingsrepresentantane frå Kvinnherad